



VEDLEGG

04/2771-38

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200306329
Arkivnr. 712
Sakshandsamar Torgersen, Matti

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	09.12.04	292/04
Fylkestinget	14.12.04	72/04

NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - (DISTRIKTSKOMMISJONEN) - HØYRINGSFRÅSEGN

Fylkesutvalet 09.12.04

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag på vegner av SV og RV:

” Tillegg til pkt. 3 (Ny setning e. punktum)
Fylkestinget ønskjer at nytt folkevald nivå får ansvar for spesialisthelsetenesta (helseføretaka).
”

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

- ” Alternativt framlegg til vedtak:
1. Hordaland fylkesting sluttar seg til mindretalet i Distriktskommisjonen si tilråding om avvikling av fylkeskommunen, og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalde nivå.
 2. Hordaland fylkesting sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei merknader som følgjer av saksutgreiinga. ”

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Frp, Tom-Christer Nilsen) som innstilling til fylkestinget.

Holmefjord Olsen sitt fellesforslag fekk 6 røyster (SV, RV, KrF, V, Sp) og fall.

INNSTILLING TIL FYLKESTINGET

- 1 Fylkestinget sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.

- 2 Fylkestinget støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skape vekst og utvikling og til å utløse meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.
- 3 Fylkestinget sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået.
- 4 Fylkestinget meiner det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
- 5 Fylkestinget sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei merknadene som følgjer av saksutgreiinga.

Fylkestinget **14.12.04**

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”(Ny setning etter punktum i pkt. 3):
Fylkestinget ønskjer at nytt folkevald nivå får ansvar for spesialisthelsetenesta (helseforetaka).”

Sunnvia Schultze-Florey sette fram slikt forslag:

”Endring i pkt. 2
.....regionalpolitikken.
Stryk resten av punktet.

Endring pkt. 3
.....bør leggjast til fylkeskommunen.”

Roald Stenseide sette fram slikt forslag:

- ” Alternativt framlegg til vedtak:
3. Hordaland fylkesting sluttar seg til mindretalet i Distriktskommisjonen si tilråding om avviking av fylkeskommunen, og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalde nivå.
 4. Hordaland fylkesting sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei merknader som følgjer av saksutgreiinga. ”

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Stenseide sitt forslag fekk 13 røyster (Frp) og fall.

Schultze-Florey sitt forslag fekk 3 røyster (RV, 1SV) og fall.

Holmefjord Olsen sitt forslag fekk 14 røyster (SV, V, RV og Sp) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 23 røyster (7 H, RV, Frp og 1 SV).

VEDTAK (15.12.04)

- 1 Fylkestinget sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
- 2 Fylkestinget støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på

område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skape vekst og utvikling og til å utløse meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

- 3 Fylkestinget sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået.
- 4 Fylkestinget meiner det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
- 5 Fylkestinget sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei merknadene som følgjer av saksutgreiinga.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 17. desember 2004

FYLKERÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bøtelsen